



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

## Ekstrautgåve for hytteeigarar

April 2010 Årg. 17



### Rett frå dunken

#### Nye prisar på miljøsentralane

1. mai vert det nye prisar for innlevering av avfall på SIM sine miljøsentralar. Minsteleveranse (1 sekk) vil kosta kr. 45. For mengder opptil 1,5 m<sup>3</sup> (om lag det du får oppi 15 bossekker) vil prisen vera kr. 150. For mengder frå 1,5 til 3 m<sup>3</sup> kostar det kr. 300. Større mengder vert avrekna etter vekt eller volum. Miljøsentralane har betalingsterminal.

#### Bruk [www.sim.as](http://www.sim.as)

På SIM sine nettsider finn du alt du treng å vita om hytterenasjonsordninga, m.a. oversikt over hyttekonteinarar og returpunkt for glas- og metallemballasje. Gå inn på [www.sim.as](http://www.sim.as), velg «Privat» og deretter «Hytterenasjon».

#### Gje oss tilbakemelding

Tilbakemeldingar frå brukarane vert tekne med i vurderinga når SIM skal plassera ut hyttekonteinarar, eventuelt flytta konteinarar. Me høyrer gjerne frå deg. Vårt inntrykk er at dei fleste synest ordninga er grei dersom det står ein konteinar langs vegen frå hytteområdet eller til butikk/ferje.

# Ny hyttesesong

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) ynskjer velkommen til ny hyttesesong. Det finst ca 20 000 hyttebrukarar i SIM-kommunane, og ei av våre oppgåver er å sørge for at alle vert kvitt avfallet sitt på ein miljømessig god måte.

SIM sitt hytteblad er vorte ein tradisjon. I år fokuserer me på innhaldet i hytterenasjonsordninga, spesielt hyttekonteinarane. Det er kun dei som betalar hytteabonnement som har lov til å bruka konteinarane. SIM vil gjerne ha melding om misbruk.

I tillegg til hyttekonteinarane står både miljøsentralar og returpunkt for glas- og metallemballasje til disposisjon for hyttebrukarane. Har du forslag til korleis hytterenasjonsordninga kan bli betre, høyrer me gjerne frå deg.





## Ryddeaksjonar våren 2010

SIM arrangerer kvart år ryddeaksjon på øyar som ikkje har vegsamband til miljøsentral. Både fastbuande og hyttebrukarar kan vera med. Det er gratis å levera avfall. SIM stiller mannskap og utstyr.

Ryddeaksjonane finn stad til desse tidene:

### Fjelberg/Borgundøy:

Laurdag 17. april kl. 10.00 – 14.30

### Varaldsøy:

Laurdag 8. mai kl. 10.00 – 13.00

### Snilstveitsøy :

Laurdag 8. mai kl. 10.00 – 13.00

### Huglo:

Laurdag 24. april kl. 09.30 – 12.00

### Espevær:

Laurdag 24. april kl. 11.00 – 14.00

### Møkster/Litlakalsøy:

Laurdag 8. mai kl. 14.00 – 17.00

## Slamtømming for hytter

I 2010 vert det slamtømming for hytteabonnentar i kommunane Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes. Abonnentane får tilsendt informasjonsblad i god tid før tømning. Ein god del av tømningane vil vera utførte når dette vert lest. Spørsmål kan rettast til Johny Birkeland Transport AS, som tømmer slam for SIM. Telefon 57 78 11 70 eller 970 10 092.

## Populær plastsortering

Utsortering av *plastemballasje* er blitt eit populært tilbod i SIM-kommunane. Hyttebrukarar som ynskjer å sortera ut plastemballasje kan kontakta SIM og be om å få tilsendt storsekker til å samla plasten i. Sekkene kan leverast kostnadsfritt på alle SIM sine miljøsentralar. All plastemballasje som vert samla inn vert sendt til Tyskland for sortering og gjenvinning.



# Hyttekonteinarane vikk renovasjonsordninga

## SIM sitt renovasjonstilbod til hyttefolk består i hyttekonteinarar, miljøsentralar og returpunkt for glas- og metallemballasje.

Hyttekonteinarane er ein viktig del av renovasjonsordninga. Dei finst på sentrale stader kringom i kommunane (sjå oversikt t.h.). Målet er at alle hyttebrukarar skal ha ein konteinar på vegen til/frå hytta eller butikken.

SIM prøver å halda det reint og ryddig kring konteinarane, slik at det skal vera triveleg å bruka dei. Er konteinaren full, eller boset flyt på utsida, ber me om å få melding om det.



Driftsleiar  
Kjell Egil Hollund.

– Det same gjeld dersom ein ser at uvedkomande nyttar konteinaren. Det er kun dei som betalar gebyr for fritidsbustad som har lov til å bruka hyttekonteinarane, seier driftsleiar Kjell Egil Hollund i SIM.

For å motverka misbruk, er hyttekonteinarane utstyrte med små innkastluker.

– «Opne» konteinarar hadde fort fått vitjing av folk som vil kvitta seg med grovavfall. Dermed hadde det ikkje blitt plass til hyttebrukarane sitt avfall, seier Hollund.

### Miljøsentralen

Avfall som ein ikkje får plass til i hyttekonteinarane, eller som ein ikkje har lov til å kasta der, kan leverast på ein av SIM sine miljøsentralar. Døme er måling, lim og lakk, kasserte elektroniske produkt og trykkimpregnert materiale. Det finst miljøsentral i alle SIM-kommunane, med unntak av Stord, som har felles med Fitjar.

### Glas- og metallemballasje

Kast ikkje glas- og metallemballasje i boset. Lever det heller til eit av SIM sine returpunkt for slikt avfall, så blir det resirkulert. Returpunkta finst på sentrale stader kringom i kommunane og det er kostnadsfritt å levera.

Hugs at det berre er glas- og metallemballasje som det har vore *mat* eller *drikke* i som kan kastast i returpunkta. Døme er syltetøyglas, vinflasker og hermetikkboksar. Porselen, keramik, lypærer, vindaugsruter og målingspann skal *ikkje* i returpunkta, men kan leverast på miljøsentralen.

## Slik er renovasjons- og slamtømmegebyra

SIM har som målsetjing at alle hytteabonnentar i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes skal ha likt servicenivå og like renovasjons- og slamtømmegebyr. Servicenivået er likt i alle kommunane, men gebyra varierer enno noko.

Årsaka er at kommunane legg på SIM sine grunnprisar. Det gjer dei for å dekkja sine eigne kostnader med renovasjons- og slamtømmeordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune (sjå blå søyle). SIM sine

grunnprisar er illustrert med brun søyle. Gebyret skal uansett ikkje vera høgare enn dei samla kostnadene med renovasjonsordninga.

### Gebyret skal dekkja:

- Innsamling og slutthandsaming av avfall
- Kjøp og vedlikehald av hyttekonteinarar
- Returpunkt for glas- og metallemballasje
- Miljøsentralar (ein del av kostnadene vert betalt ved levering av avfall)

# iktig del av



## Utleiehytter

Alle som har hytte i ein SIM-kommune må vera med i den kommunale hytterenasjonsordninga.

Kommunen har bestemt at *utleiehytter* er å rekna som heilårshus. Dermed må dei som leiger ut hytta si ha abonnement tilsvarande heilårshus. Eigarar av utleiehytter kan kontakta SIM for å få ordna dette.

## Fleksibel dunkordning

Dei som ynskjer eigen dunk ved hytta, kan bestilla det hos SIM (dunk med grønt lok). Denne må setjast ut til veggen på same tid og stad som fastbuande set ut *restavfallsdunken*. Tømmedagane framgår av SIM sin tømmekalender. Hyttebrukarar kan òg få dunkar til å sortera i, slik fastbuande har, men må då betala gebyr som for heilårsbustad.


*Slik vil SIM det skal sjå ut rundt hyttekonteinarane. Boset skal inni konteinarane, ikkje på utsida. Dermed vert det triveleg å bruka konteinarane. Biletet er frå Husavik ferjekai i Austevoll.*



## Hjelp å få

Trine (t.v.) og Sissel i SIM sitt kundemottak i Svartasmoget svarar på spørsmål som har med hytterenasjon å gjera. Tlf. 53 45 78 50.


## Renovasjonsgebyr for fritidsbustad i 2010 (i kr, inkl. mva):



■ Kommunal eigenkostnad ■ Gebyr til SIM

## Slamtømmegebyr for fritidsbustad i 2010 (i kr, inkl. mva):

\*) Gebyret i Sveio vert fakturert kvart fjerde år.



## Her finn du hyttekonteinarane

**OBS!** Hyttetun kjem i tillegg.

### Austevoll

- Hufthamar
- Austevollshella
- Kvaløy v/bru Spissøy
- Kalve (Stora Kalsøy)
- Skår (Hundvåkøy)
- Bjånes
- Eido
- Kryss avkøyning Selvågen/Nordeid
- Kolbeinsvik kryss v/lager vegstellet
- Selbjørnsbrua v/kraftlaget
- Gauksheim
- Stolumbrua rasteplass
- Birkelandskryset
- Stolmen kyrkje
- Stolmen - båthamn Sørvikjø
- Vik-kryset (nordsida)
- Blånesvegen v/busstogg
- Hestevik-Byssesund v/snuplass
- Kolbeinshavn kryss
- Husavik ferjekai

- Ranavik ferjekai
- Arnavik
- Borgundøy

### Stord

- Studalen v/Kiwi
- Fjellgardane
- Eide
- Avkjørsel til flyplass Stokken
- Dåfjorden v/hyttfelt
- Føyno
- Huglo kai
- Huglo ved skulen

### Sveio

- Valevåg
- Tittelsnes (2 stk.)
- Økland
- Vihovda
- Liereid
- Geitåstjerna v/Liereid
- Håvardsholm
- Førde
- Røykjenes
- Erve
- Bakken
- Våga
- Kvalvåg
- Kvalvågnes v/kryss
- Eilerås v/steinbrotet på nordsida
- Birkeland
- Sveio sentrum v/butikkcenter
- Lid
- Haukås
- Rød
- Fagerland v/kryss
- Auklandshamn
- Tjernagel
- Bua
- Buavåg
- Sletto v/hyttfelt
- Nordskog v/gravplass
- Eltravågen
- Mølstrevåg
- Vikse
- Ekrene

### Bømlo

- Langevåg Kåso
- Lykling
- Bærøy
- Finnås
- Moster v/banken
- Gassasundet Spissøy
- Hollundsdaalen v/miljøsentralen
- Urangsvåg kai
- Bjøddaledalen v/busstogg
- Aga - kryss v/Rolfsnesveg
- Rotatjørno mellom Alfsvåg og Svortland
- Brandasund rasteplass

### Fitjar

- Dåfjorden - Lønevåg
- Kuarvågen v/båthamn Koløy
- Helland
- Kråko
- Kalveid v/båthamn
- Fitjar sentrum på kaien
- Havn v/båthamn
- Sandvikvåg ferjekai
- Hageberg skule
- Eide

### Kvinnherad

- Vestervik v/tunnel
- Stussvik v/vegkryss
- Hammarhaug - hyttfelt
- Vikane - veg mot Håvik
- Ølve v/kryss til Skarvasete
- Gjermundshamn v/venterom
- Gjermundshamn v/butikk
- Varaldsøy v/kai
- Mauranger
- Ænes campingplass
- Ænes 1 km sør for Furebergstunnelen
- Løfallstrand ferjekai
- Rosendal v/bru
- Dimmelsvik v/gamleposten
- Blådalen v/vegkryss til Matre
- Matre ferjekai
- Matre v/kryss indre Matre
- Åkra - vekryss mot Haugstøl/Skromme
- Uskedal v/gamleskulen
- Herøysund v/butikk
- Husnes v/Statoil
- Sunde ferjekai
- Valen (parkeringsplassen ved kyrkja)
- Erslund v/gamleskulen
- Utåker/Holmedal kryss riksveg
- Sydnes ferjekai
- Toftvågen
- Eidsvik v/gamleskulen
- Sæbøvik v/samfunnshuset
- Høylandsbygd v/båthamn
- Ønarheim v/kyrkja
- Årbakka v/butikk
- Nymark v/kryss Lunde
- Malkenes v/kryss
- Lunde senter
- Lunde kai
- Gjersvik v/kryss Godøysund
- Gjersvikeidet
- Godøysund
- Våge v/Esso
- Ugddal v/kryss Ønarheim
- Ugddal v/Sæd
- Reksteren - kryss til Amland
- Reksteren - Sunde kai
- Reksteren - kryss til Flygansvær
- Reksteren - Brattveit v/møteplass
- Reksteren - Bruntveit v/kryss til kai
- Reksteren - v/skulen på Skår
- Reksteren - Hope v/kryss til Hopsund
- Reksteren - kryss til Kaldafoss
- Leite mot Neshamn
- Kryss til Flatråker kai



Sendar:

## OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget  
N-5419 Fitjar



Ikkje alt som er like lekkert, nei. Mange har tipsa om skjemmande bilvrak som er parkerte langt til skogs. SIM si oppgave er å finna eigarane og å hjelpe dei i gang med ryddinga.

## «Rydd Sunnhordland» held fram

SIM sin ryddedugnad «Rydd Sunnhordland» held fram i 2010. I denne aksjonen ber SIM fastbuande og hyttebrukarar melde frå om område som treng rydding, t.d. villfyllingar i skog og mark, bilvrak og strender.

SIM vil deretter prøva å finna ut kven som «eig» boset, hjelpe vedkomande i gang med ryddinga og prøva å finna gode løysingar for avfallsleveringa.

– Alle innspel er velkomne. Ingen er for små, ingen for store, seier SIM sin aksjonsleiar Arild Vik, som i løpet av fjoråret fekk melding om eit hundretals forsøpla område.

Ryddedugnaden er finansiert gjennom SIM sitt miljøfond. For 2010 er det sett av kr. 500 000 til føremålet.



Arild Vik oppmodar fastbuande og hyttebrukarar om å tipsa om område som treng rydding.

### Kompostjord og plenblanding går unna

SIM si kompostjord og plenblanding er populære produkt. I fjor vart det selt meir enn nokon gong. Produkta kan kjøpast på SIM sine miljøsentralar. Prisen er kr 150 for ein liten tilhengjar og kr 300 per tonn for større mengder. I Svartasmoget og på Husnes er det råd å få hjelp til å lasta molda på tilhengjar (kr. 75 i tillegg). Ved dei andre miljøsentralane må kjøpar lasta sjølv.

### Oftare tømning om sommaren

Bruken av hyttekonteinarar varierer mykje gjennom året. Dette er ei utfordring, både pris- og kapasitetsmessig. SIM har valt å ha eit relativt fast tal konteinarar ståande ute, og heller ta toppane ved å tømme dobbelt så ofte om sommaren, då bruken er størst. Dette er billigare for abonnentane enn om me skulle setja ut fleire konteinarar, som likevel må tømmast heile året.

### Sikra lasta før transport

Det skulle vera unødvendig å minna om det, men likevel: Sjøføren har ansvar for at avfall som skal til miljøsentralen er skikkeleg sikra på tilhengjaren. Alt for ofte vert bos liggjande langs vegen som følgje av dårleg sikra last. Slikt kan skapa trafikkfarlege situasjonar og ser lite fint ut.

## Opningstider miljøsentralane 2010

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Bømlo, Hollundsdaalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00.

Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. april – 30. sept.:  
Torsdagar kl. 08.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.  
Onsdag før skjærtorsdag ope til kl. 12.00.

### Kvinnherad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaftan stengt.

### Tysnes, Foredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.



SIM

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50  
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: [sim@sim.as](mailto:sim@sim.as)  
Nettstad: [www.sim.as](http://www.sim.as)

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk  
IKS (SIM) er avfallsselskap for kommunane  
Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord,  
Sveio og Tysnes.